# Paulsenposten

Årgang 3 (2000)

## Redaktørene har ordet

Nordmenn er glad i, og opptatt av tradisjoner. Tradisjonene rundt høytidene, og kanskje spesielt julehøytiden, er viktige for de fleste av oss, og ting skal helst gjøres på samme måte som i fjor og året før og slik det alltid har vært gjort.

En av de store tradisjonene rundt julehøytiden, er utgivelsen av julehefter. For to år siden startet vi vår egen lille produksjon av sådanne for kjente og kjære rundt oss. Vi har fått mange tilbakemeldinger på at vår lille familieproduserte avis, har fått omtrent samme plass i heimen som Tuss og Troll eller Knoll og Tott, og ingenting gleder oss mer enn å kunne bidra til samlingen med julehefter også dette året.



Årets utgave vil glede noe ekstra de av våre lesere som har vært bekymret for målfordelingen i de tidligere utgaver. Vi kan ikke love at vi oppfyller den offentlige standarden med minst 25% nynorsk, men vi gjør vårt beste.

Vi har nå lagt bak oss det første året i et nytt årtusen, eller var det egentlig det siste i det gamle? Hvorom allting er - her følger en liten kavalkade og oppsummering av år 2000 for familien Paulsen.

God lesning!

## I dette nummer


*Redaktørene har ordet* 1
*Språklig oppklaring* 1
*Målstriden har nådd den paulsenske heim* 2
*Låstølen 2000* 2
*Huseier? - stakkars sjel* 2
*Sommaren 2000* 3
*Kvardagen i året som gjekk* 3


## Språklig oppklaring

**Morgenene hos familien kan til tider være kaotisk. Slik var det også denne morgenen...**

Alexander og mamma hadde pusset tenner, og gjorde seg klar til å gå. Mamma ba Alexander å hente skoene sine. Han gikk ut i gangen, men ropte til mamma: "Men bol (= hvor) el de hen da?" Mamma kom på at de stod i stua ved siden av veranda-døra. Alexander gikk dit, men ropte igjen: "Jammen mamma, bol el de hen da?" Siden han stod rett ved siden av dem pekte mamma og sa: "Der!" Minsten tok opp skoene sine, så på mamma og spurte: "El det disse du menel?" Ja, mamma konstaterte at det var det. Et dypt sukk fra familiens yngste, to strenge øyne ble satt i mamma: "Nei mamma. Dette el joggesko. De SEL UT som sko!”

## Målstriden har nådd den paulsenske heim

**At det ikkje er lett å vokse opp med fleire språk kan sikkert mange av dykk skrive under på. Men å vokse opp i ein heim som til tider er prega av ymse dialekter og målføre, er heller inga enkel sak, skal vi tru juniorredaktøren Alexander. I denne artikkelen let han frustrasjonen sin kome til utløp.**

"I hele vår og sommer har mamma og pappa prøvd å få meg til å skjønne at hun ikke er et dyr som sier vov-vov, men faktisk noe man omtaler hunnkjønn som. Altså det heter hun i stedet for han. Da jeg endelig hadde begynt å skjønne hva de snakket om, reiste jeg på ferie til gommo, og hun sa ikke hun, men ho! Er det rart en stakkar blir forvirret?" sukkar Alexander lettare oppgitt før han heldt fram: "Etter å ha vært hos gommo ei uke skulle mamma og jeg på ferie på vestlandet. Der møtte vi først Elisabeth og Oddmund som sa hun, men så dro vi til Eli og Hallvard og etter det til Liv, og alle de sa ho." Oppklaringa kom då mamma og Alexander var i Bergen hos Liv. Alexander skulle fortelje noko til mamma om Liv, og vart retta på at det heitte hun, ikkje han. Han trakk då pusten, pekte på Liv og sa: "Det er hun." Så pekte han på mamma og sa: "Du er hun eller ho - du kan velge."

Men det å være på fjellet med gommo skapte fleire problem for ein liten bygut. "Jeg hadde vært ute å lekt, og løp inn til gommo i stua. Da jeg kom inn sa gommo: "Kan du gå å leta att døre?" Jeg skjønte overhodet ikke hva hun mente, for døra var jo der! Ingen grunn til å lete etter den!" Alexander ristar på hovudet, og går for å fundere meir over dette med språk…

## Låstølen 2000

**Også i år var juniorredaktør Alexander utsendt til gommo på Låstølen ei uke for å være gjetergutt til glede for begge parter. Vi lar juniorredaktøren selv fortelle.**

Den som tror at det å være på stølen og fjellet ei uke er ferie, burde jammen ta seg en tur opp til gommo! Det å være gjetergutt er jobbing fra tidlig morgen til seine kveld, men heldigvis er gommo grei å ha med å gjøre. Hun skjønner at det er viktig å fly drager, eller leke litt med biler og sykle og sånn innimellom fjøsstellene.

I år var jeg med å ga mel til alle kuene på kvelden, og jeg var med å kosta fjøset etter at de var stelt. De eier jo ikke folkeskikk disse dyra!

Forresten - visste dere at kua med bjella på er sjefen?



*Kan dere gjette hvem som er Alexander, Brit og Sølvi på dette bildet?*

## Huseier? - stakkars sjel

**I forrige nummer skrøt vi uhemmet av nytt hus. Her tar vi mye av det tilbake; til alminnelig advarsel.**

Vi har hatt vann i kjelleren før også, men det er mindre koselig i eget hus. Hagen som Alexander og resten av husstanden så lystig gledet seg til å bruke, har vist seg å ha skjulte farer: rester av fjorårets juletre har stukket oss i føttene hele sommeren, kirsebærtreet vårt har en eller annen skummel sykdom (kugalskap?) så det må stadig klippes, og den koselige løvbrannen i vår brant sønnen i huset og nesten huset.

På loftet har vi kjempet mot slyngplanter, og på badet har vi en sykedelisk kran.

Den deilige vanndammen må tømmes og renses med en gammel og astmatisk pumpe flere ganger i året, men er uansett yngleplass for insekter som vi ikke liker å tenke på.

Er det ingen lyspunkter, spør du sikkert. Joda, bilen vår som ble tauet bort to ganger på to mnd. i hovedstaden, har i år ikke blitt utsatt for noe verre enn et innbrudd.

## Sommaren 2000

**I fjor var vi lettsindige nok til å love ein reportasje frå det store utland i kvart nummer av Paulsenposten. Dette er eit løfte vi ikkje kan halde, for i år har ikkje familien Paulsen vore utanfor landets grenser, med unntak av Are som har vore på forretningsreise til Danmark. For å moderere løftet, seier vi frå no av at ein reportasje frå ein større ferietur i løpet av året skal de få i kvar utgåve etter dette.**

Sidan Are byrja i ny jobb i januar, var det ikkje så lett for han å ta seg lenger ferie i sommar, men Alexander og Sølvi fann ut at dei trengte å røre på seg litt, og vendte nasen sin vestover. "I 14 dagar levde vi som nomadar og vart teke godt i mot av gode vener i Balestrand, på Nordeide og i Bergen. Takk til dykk alle!" seier dei fornøgde turistane.

"Det mest spanande for ein liten austlandsgut å vere med på når ein reiser til Vestlandet, er fisk. Vi besøkte to akvarier på turen vår. Vi var ute i båt og fiska, men det var ikkje ordentlege fiskestenger der så det gjaldt nesten ikkje, ikkje fekk vi fisk heller, og vi stod på brygga og fiska, og der fekk vi fisk!" fortel Alexander. "I akvaria kunne vi ta på sjø-stjerner og skjell, og det er spanande for eg har aldri gjort det før! I tillegg køyrde vi ferjer, noko som òg er ganske spanande for oss austlendingar."



Turen Vestlandet rundt vart akkompagnert av Kaptein Sabeltann, noko den vaksne halvdelen av reisefølgjet etter kvart sette berre måteleg pris på: "Det er begrensa kor mange gonger ein kan høyre Kaptein Sabeltann å få den heilt store kunstneriske opplevinga ut av det…" konstaterte Sølvi då dei kom heim.

## Kvardagen i året som gjekk

**Som alle år har det òg i år vore flest kvardagar med alt det inneber.**

Alexander byrja i ny barnehage i januar. Fram til og med desember i fjor gjekk han i barnehage i Oslo, men det var greitt å kome til ein ny som ligg her i Gjerdrum. Han fann seg fort til rette med både store og små der, og trivst veldig bra. Han likar godt å vere i lag med dei andre ungane og leike. Dei er mykje ute, noko den vesle karen her ikkje har mykje mot. Turar i skogen blir ekstra spanande når ein har med seg forstørrelsesglas slik at ein mellom anna kan sjå bjørnar…

Are byrja òg i ny jobb i januar. Det siste året har han vore tilsett i Norsk Systemutvikling der han har vore med å bygge opp ei ny avdeling som driv med sentraldrift av bibliotek-system for bibliotek over heile landet. Der har han verkeleg fått brukt all kunnskapen han fekk på skulen, samtidig som han kan lære mykje nytt. Han trivst særs bra.

Sølvi har kome seg gjennom det fyrste året og vel så det som generalsekretær i Noregs Ungdomslag. Ho har enno ikkje angra på at ho skifta beite, og ser vel ikkje at ho går tilbake til å vere lærar med det fyrste. Ho har riktignok gått tilbake til skulen, men denne gongen som elev. Ho har tatt 3 kurs på BI, og dersom eksamen no i desember gjekk bra, noko ho har god tru på, skal ho halde fram med to kurs til våren. Dette har gjordt at ho tok permisjon frå koret i haust, men ho syns faktisk det har vore ganske greitt.

# Paulsenposten


Telefon: 6399 1999

skp@norung.no
are@boomdesign.no

Familien Paulsen
Nittebergveien
2022 Gjerdrum




Den unge redaktøren på veg til trykkeriet: "Jeg vet det er på kartet, men hvor er jeg? Det er en alvorlig forglemmelse at ikke menneskene er med på slike kart!"

Nå drar året seg mot slutten, og vi vil også markere at vårt ekteskap går mot slutten...

...av sine 10 første år!

I skrivende stund er det bare 5 dager igjen til jul, men vi er likevel ved godt mot på at alt skal bli ferdig til den store kvelden. Alexander har dratt på seg en lei forkjølelse som ikke vil slippe taket, men vi voksne surrer nå på likevel. Alexander og Sølvi har bakt kaker, og begynt å få noe av julematen i hus.

Det blir lettere å plassere juletre og all annen julepynt i år enn i fjor, for nå ble det jo satt der det skulle stå i fjor, og da er det ikke bare å flytte på ting sånn helt uten videre (det var dette med tradisjoner...). Gardinene i stua er på plass (i motsetning til i fjor, og store deler av i år...), og det mangler i grunn bare å vaske gulv og pynte tre. Selv om dere har fått en huseiers hjertesukk i denne utgaven, trives vi godt i huset vårt, og gleder oss til å ta fatt på et nytt år her. Vi håper vi ser mange av dere i året som kommer!

**Juleklemmar frå**

**Alexander, Sølvi og Are**

